



Fræna kommune
Samfunn og utvikling

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Klima- og forurensningsdirektoratet
Postboks 8100 Dep
0032 Oslo

Dvkkar ref:
Presemelding av 11.03.2010

Vår ref
2008/2917-7

Saksbehandlar
Ragnar Johansen

Dato
12.03.2010

Høringsuttalelse - søknad fra Statnett om midlertidig utvidet utslippstillatelse for reservekraftanlegget på Nyhamna.

Med den korte høringsfristen er saken behandlet administrativt, men politikerene vil bli orientert i ettertid.

Fræna kommune er nærmeste nabo til Aukra kommune og vil derfor komme med innspill i forhold til dispensasjonssøknaden som gjelder reservekraftverket på Nyhamna.

Plan- og økonomiutvalget (formannskapet) i kommunen behandlet i sak 6/ 2009 den 12.01.2009 høringsuttale av Statnetts søknad om forlengelse av utslippstillatelsen frem til 1.juli 2014.

Plan- og økonomiutvalget gjorde slikt enstemmig vedtak:

- Fræna kommune vil oppfordre Miljøverndepartementet og SFT til ikkje å forlenge utslippsløyvet frå reservekraftverket på Nyhamna utover 1. juli 2009 før framheva tiltak under pkt. 2 (nedanfor) er teke i vare*
- I og med at Fræna kommune er mest utsett for NOx nedfall er det forventa at Statnett*
 - dokumenterer at nødvendige tekniske installasjonar for NOx reduksjon er på plass på reservekraftanlegget på Nyhamna – herunder tilstrekkeleg vassstilføring*
 - dokumenterer nedfalla i vår kommune frå prøvekyringa av anlegget*
 - legg fram eit langsiktig prøvetakingsprogram for dei mest utsette områda i vår kommune*
 - tek ansvar for ev. avbøtande tiltak*

Postadresse	Besøksadresse	Telefon	Bank
Fræna kommune, 6440 Elnesvågen	kommunehuset	71 26 81 00	4100 07 20001
E-post:		Telefaks	Org.nr
postmottak@frana.kommune.no	www.frana.kommune.no	71 26 81 99	845 241 112


Fræna kommune har ikke fått noen tilbakemelding fra Statnett om deres oppfølging av vårt innspill i sakens anledning. Vi mener dette er vesentlige moment som må tas alvorlig. En ser det som uheldig at en på grunn av kraftsituasjonen i regionen nå er kommet i en situasjon der det kan bli nødvendig å starte reservekraftverket, med de miljømessige følgene dette kan få for de mest utsette områdene i vår kommune j.fr. pkt. 2 i ovenstående vedtak.

En vil derfor på nytt be om at våre innspill blir tatt til følge.

Fræna kommune vil i sakens anledning be om at Miljøverndepartementet og Klima- og forurensningsdirektoratet hver på sin måte ser nødvendigheten av å få på plass en lokal kraftproduksjon iht. konsesjonen til Industrikraft Møre AS.

Med vennlig hilsen


Per Øvermo
rådmann


Ragnar Johansen
saksbehandler

Vedlegg: Arkivsaksnr.: 2008/2917- 4
Reservekraftverket på Nyhamna – Statnetts søknad om forlengelse av utslippstillatelsen frem til 1. juli 2014 – sak til høringsuttalelse



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Plan- og økonomiutvalet i Fræna kommune		

Reservekraftverket på Nyhamna - Statnetts søknad om forlenging av utslippsløyve fram til 1. juli 2014 - sak til høyringsuttale

Vedlegg:

..... Statnetts søknad dagsett 02.12.2008 om forlengelse av utslippstillatelsen for reservekraftanlegget på Nyhamna - høring

Saksopplysningar

Statnett søkte 15. mai 2007 Statens forureiningstilsyn (SFT) om utslippsløyve for eit mobilt reservekraftverk på Nyhamna. Det mobile reservekraftverket skulle ha ein maksimal produksjonskapasitet på 150 MW elektrisk kraft. I sine nyttevurderingar har Statnett anslått at det berre vil bli behov for drifting av anlegget i eitt av 20 år. Det vart i Statnetts sin søknad lagt til grunn ein maksimal driftsperiode i eventuelle år reservekraftverket vart sett i drift på 5 månadar. Ved 5 månadars drift gjev Statnett opp at utsleppa vil vere på 367 000 tonn CO₂ og 307 tonn NO_x. Med aktuell gasskvalitet på Nyhamna vil det ikkje vere utslepp av SO₂.

På visse vilkår ga Miljøverndepartementet og SFT Statnett utslippsløyve fram til 1. juli 2009.

I brev av 26. juni 2008 søkte Statnett om tilsvarende vilkår for Nyhamna som for Tjeldbergodden når det gjeld overvaking av NO_x- utslepp.

I SFTs løyve etter forureiningslova for reservekraftverket på Tjeldbergodden av 14. februar 2008, fikk Statnett frist til 1. juli 2009 med å utvikle ein prediktiv målemetode basert på ein parametrisk modell for berekning av NO_x-utslepp. Dette er ein målemetode basert på fleire måleseriar der det vert berekna ein faktor for NO_x utslepp som funksjon av tilført brenngassmengde i turbinane på kraftverket.

I mellomtida skal Statnett rapportere NO_x-utsleppa på bakgrunn av ein fast faktor for NO_x-utslepp som funksjon av brenngassmengda, basert på målingar i testperioden. Det ble dessutan stilt krav om utslippsmålingar i testperioden for å verifisere at utslippsgrensa på 25 ppm NO_x i utslippsgassen vert overhalde.

Statnett ba vidare om at den prediktive modellen og den førebelse utslippsfaktoren

som skal utviklast for Tjeldbergodden også må kunne nyttast for Nyhamna, *og at det held å gjennomføre målingar ved Tjeldbergodden for å verifisere utsleppsgrensa på 25 ppm NO_x*. Statnett gjev til grunn dette, med at Tjeldbergodden og Nyhamna har identiske gassturbinar og vassinjeksjonssystem, samtidig som forbrenningsgassen på Nyhamna har ein samansetning som inneber at utsleppa på Nyhamna vil være noko lågare enn målte verdiar på Tjeldbergodden. Eit krav om at det skal gjennomførast utsleppsmålingar på Nyhamna under ferdigstillinga vil i følgje nye vurderingar frå Statnett resultere i ein meirkostnad på ca 1 MNOK.

SFT har i brev av 24. sept. 2008 gjeve Statnetts reservekraftanlegg på Nyhamna utsleppsløyve. Kva gjeld overvaking av NO_x utslepp kan ein sitera følgjande formulering frå utsleppsløyvet (side 8 – 2. avsnitt)

"SFT kan på bakgrunn av tilgjengelige opplysninger ikke se at nytten av å kreve tilsvarende utslippsmålinger og beregninger på Nyhamna som på Tjeldbergodden står i forhold til kostnadene. SFT legger dermed til grunn at utslippsfaktor og prediktiv modell som utvikles for Tjeldbergodden også kan anvendes på Nyhamna, og at det ikke kreves egne målinger for å verifisere at utslippsgrensen for NO_x overholdes på Nyhamna dersom dette er dokumentert gjennom målinger på Tjeldbergodden. Det forutsettes at Statnett kan dokumentere at den prediktive modellen som utarbeides for Tjeldbergodden også kan anvendes for Nyhamna."

Det er ein føresetnad at Statnett kan dokumentere at den prediktive modellen som vert utarbeidd for Tjeldbergodden også kan nyttast for Nyhamna.

No søker Statnett om å få forlenga utsleppsløyvet for reservekraftanlegga både på Tjeldbergodden og Nyhamna fram til 1. juli 2014.

Fræna kommune har store landområde som ligg rett over fjorden for Nyhamna, og desse områda vil ligge svært utsett til i høve potensielle utslepp både til sjø og luft frå dei ulike installasjonane på Nyhamna. Det var difor med stor undring at ikkje Fræna kommune var invitert med som høyringspart i samband med konsesjonssøknaden og etableringa av reservekraftverket på Nyhamna.

Fræna kommune ga likevel på eige initiativ ein høyringsuttale til konsesjonssøknaden. Dette også med bakgrunn i at dette var ei svært viktig sak i høve den generelle kraft-situasjonen i regionen.

Plan – og økonomiutvalet handsama høyringsuttalen i sak 0102/ 07 den 13.08.07

I denne samanhengen vil ein spesielt ta fram pkt. 5 i vedtaket i denne saka, som var som følgjer:

"Dersom NVE og SFT vurderer å gje konsesjon til det planlagde reservekraftanlegget på Nyhamna, ber ein om at det på førehand vert stilt krav om at Statnett;


- a) Presenterer samfunnsrekneskapan som viser at det ut i frå miljø og økonomi er lønsamt å velje løysinga med reservekraftverk og omfattande linjeutbygging i staden for alternativa under 2) og 3) i same sak *(sjå nedanfor)*
- b) Gjennomfører ei meir inngåande utgreiing av konsekvensane ved utslepp av NO_x samt støy som kan påverka dei næraste områda på fastlandet i Fræna; og at Statnett tek ansvar for gjennomføring av ev. avbøtande tiltak"*

** Dette gjeld permanent kraftproduksjon og disponering av vassmagasina til produksjon av vasskraft som reservekraft.*

Ingen av desse punkta a) og b) er følgde opp frå Statnett så langt. Det har heller ikkje i etterkant vore nokon dialog mellom Statnett og Fræna kommune om praktiske tilhøve knytt til reservekraftverket på Nyhamna.

Gule-/ Stavikmyrane naturreservat ligg svært utsett til for NO_x nedfall.

Iflg. utgreiingane knytt til konsesjonssøknaden er ytre delar i vår kommune (Stavik/ Kjørsvikområdet) mest utsett i høve dei mest dominerande vindretningane i høve NO_x nedfall. Dette går også fram av kartet nedanfor.



Gule-/Stavikmyrane naturreservat vart freda som naturreservat ved kgl.res. av 13. desember 1996. Reservatet dekker eit areal på ca. 8100 dekar, derav 500 dekar vatn. Formålet med fredinga er å ta vare på ein sentral del av eit av landets største myrlandskap. Lokaliteten har verdi som nasjonalt typeområde.

Kartillustrasjonen ovanfor er nytta i konsesjonssøknaden til Statnett og viser reservekraftverkets bidrag til avsetning av nitrogen i hhv. Aukra og Fræna kommune. Tala er oppgitt i mg/m² i løpet av driftsperioden på 5 månadar.

Det vert hevda i konsesjonssøknaden at den totale avsetninga av nitrogen som følgje av dei planlagde utsleppa er små samanlikna med langtransporterte forureiningar. Vidare går det fram av konsesjonssøknaden at bakgrunnsavsetninga av nitrogen pluss bidraget frå ilandføringsterminalen og reservekraftanlegget til saman ikkje vil overskride tålegrensene for overflatevatn og vegetasjon. Difor kan ein heller ikkje forvente vesentleg påverknad grunna desse utsleppa.

Ein nyttar mykje nemninga NO_x (Nitrogenoksider) på desse forureiningane. Dette er ei samlenemning på ulike nitrogenbindingar NO (Nitrogenoksid) og NO₂ (Nitrogendioksid). NO_x fører til sur nedbør og overgjødning, i tillegg dannes det ozon når NO_x reagerer med flyktige organiske forbindelsar, og dette bidrar til luftvegslidingar. NH₃ (ammoniakk) bidreg til forsuring av vann og jord. Ozon i høgare luftlag (øvre del av troposfæren) er ein potent drivhusgass

I Noreg er kjeldene til utslepp av NO_x først og fremst forbrenning av fossilt brensel i industri, offshore oljeaktivitet og mobile kjelder til lands og til havs.

Gøteborgprotokollen er ein av fleire protokollar under FN's Langtransportkonvensjon. Noreg har forplikta seg til å halde seg innafor bestemte utsleppsmål (tak) for svoveldioksid (SO₂), nitrogenoksider (NO_x), ammoniakk (NH₃) og flyktige organiske komponentar unntatt metan (NMVOC) frå 2010. Utsleppstaka er basert på naturens tålegrense for sur nedbør og bakkenær ozon.

Det er Miljøverndepartementet etter anbefaling frå SFT som har avgjerdsmynde i høve utslepp av klimagassar som td. CO₂ og CH₄ (metan) og SFT som har tilsvarande mynde i høve avgassar som td. NO_x.

Vurdering

Som det går fram av denne utgreiinga har reservekraftverksaka på Nyhamna vore svært omfattande og utfordrande å førehalda seg til.

Fræna kommune har store landområde som ligg nært opp til Ormen Lange terminalen og reservekraftanlegget. Dermed ligg desse områda svært utsett til for uheldige miljøkonsekvensar både i eit kort- og langsiktig perspektiv. Difor må ein følge "føre/ vår" prinsippet og vere svært merksam på det som no skjer på Nyhamna.

Fræna kommune sine innspel i høyringane er på ingen måte teke til følgje.

Som det også går fram av utgreiinga ligg det store naturreservatet på Gule-/ Stavikmyrane svært utsett til i høve nedfall og dei største NO_x konsentrasjonane (ref. kartutsnittet)

SFT har godteke at det vert lagt til grunn prediktive målingar på NO_x utsleppa på Nyhamna basert på målingar gjort på Tjeldbergodden.

Som det går fram av utsleppsløyvet:

"Innen 1. juli 2009 skal Statnett ha utviklet en prediktiv modell for beregning av NO_x-utslipp basert på gjennomførte målinger og tester ved anlegget på Tjeldbergodden, og dokumentere at denne også kan anvendes for anlegget på Nyhamna."

I mellomtida skal NO_x - utsleppa rapporterast ved hjelp av ein utsleppsfaktor for brenngassen som er utvikla på bakgrunn av gjennomført måleprogram ved reservekraftverket på Tjeldbergodden.

Statnett søkte om å få forlenga sine utsleppsløyve for både Tjeldbergodden og Nyhamna frå 1. juli 2009 fram til 1. juli 2014. Høyringsfristen er sett til 23. januar 2009.

Her vert det altså søkt om forlenging av utsleppsløyvet før det føreligg rapportar på utsleppa frå prøvekyringane av anlegga og før fristen som er sett ovafor Statnett til 1. juli 2009 for utvikling av ein modell for prediktiv måling.

Ifg. konsesjonssøknaden på reservekraftanlegget på Nyhamna kan ein sitere frå side 25 – 2. avsnitt:

"Reservekraftanlegget på Nyhamna vil bestå av 3 produksjonsmoduler av typen SwiftPac frå Pratt & Whitney. Hver modul består av 2 gassturbiner og 1 generatotor med en beregnet effekt på om lag 60MW ut av generatorene, slik at samlet netto installert effekt vil være om lag 180 MW. Generatorens klemmespenning er ca. 11,5 kV"

Iflg. Konesjonsøknaden på reservekraftanlegget på Tjeldbergodden kan ein tilsvarende sitere frå side 26 – 1. avsnitt:

” Reservekraftanlegget på Tjeldbergodden vil bestå av 7 produksjonsmoduler av typen MobilePack frå Pratt & Whitney. Hver modul består av gassturbin og generator med en beregnet effekt på 22,65 MW ut av generatorene, slik at samlet installert effekt vil være 158,55 MW. Merkeeffekten på generatorene kan være opp til 22,8 MW. Generatorenes klemmespenning er ca. 11,5 kV”

Ein kan av dette sjå at det er den same leverandøren av turbinane, men dei har ulik storleik. Ettersom det er eit krav om at anlegga ikkje skal overstige ein effekt på 150 MW, må begge anlegga ”strupast ” ned frå hhv. 180 MW og 158,55 MW til kravet i konsesjonsvilkåra på 150 MW.

Ein blir ståande att med følgjande spørsmålsstillingar:

- Kva for garanti vil ein ha, for at ein teoretisk berekningsmodell (prediktiv måling) er å stole på når generatorane på Tjeldbergodden er kopla til ein turbin og generatorane på Nyhamna er kopla til 2 turbinar – og at turbinane på kvar plass har ulik storleik?
- For Fræna kommune er det av større interesse ut i frå mest utsette vindretningar kor nedfalla kjem, og ikkje dei teoretiske verdiane på konsentrasjonane ut frå eksosen
- Søknaden legg til grunn at utslepp av NOx skal reduserast frå 176 ppm til 25 ppm ved injeksjon av reinsa og demineralisert vatn som senker forbrenningstemperaturen i gassturbinen og reduserer utsleppa av NOx. Iflg. konsesjonsøknaden krevs det 56.000 l demineralisert vatn pr. time for å tilfresstille krava m.o.t. at utsleppsmengda skal reduserast frå 176 ppm til 25 ppm.
Ein kan ikkje sjå at det føreligg nokon dokumentasjon på at Statnett sitt reservekraftanlegg på Nyhamna fyller krava m.o.t. vasstilgang for ein lengre driftsperiode
- Det vert hevda at ein vil ha lite igjen for å investera 1 MNOK i ekstra måleutstyr av NOx-utsleppa på Nyhamna. Ettersom potensielle forureiningar er så vesentleg i ei slik sak har ein ikkje forståing for ein slik argumentasjon.
- Høringsfristen på denne utsleppsløyvesøknaden er 23. januar - lenge før Statnett har klarert sin modell for prediktiv måling som er sett til 1. juli 2009.

Ein opplever at reservekraftverksaka har vore handsama på ein slik måte frå Statnett si side, både teknisk og økonomisk, at ein no vil krevja at ein stoppar opp og får ”ting” på plass før ein går vidare.

Rådmannens tilråding:

1. Fræna kommune vil oppfordre Miljøverndepartementet og SFT til ikkje å forlenge utsleppsløyvet frå reservekraftverket på Nyhamna utover 1. juli 2009 før framheva tiltak under pkt. 2 (nedanfor) er teke i vare
2. I og med at Fræna kommune er mest utsett for NOx nedfall er det forventa at Statnett
 - dokumenterer at nødvendige tekniske installasjonar for NOx reduksjon er på plass på reservekraftanlegget på Nyhamna – herunder tilstrekkeleg vasstilføring
 - dokumenterer nedfalla i vår kommune frå prøvekøyninga av anlegget
 - legg fram eit langsiktig prøvetakingsprogram for dei mest utsette områda i vår kommune
 - tek ansvar for ev. avbøtande tiltak

